

**Oppsummering og fråsegn frå landmålar**

Landmålar vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Eigar av 1/149 og eigar av 1/150 har 13.08.2018 rekvirert oppmålingsforretning med grensejustering og klarlegging av eksisterande grenser.

Oppmålingsforretning vart halde 18.09.2018. Ved forretninga møtte Knut Markhus for 1/149, Line Wergeland for 1/150. Robert Andersen møtte med fullmakt frå Reidun Andersen for 1/15. I tillegg til dei fram møtte, var også eigarar av 1/157 og deleigar av 1/15 varsla, men møtte ikkje.

Eksisterande grenser for 1/149 og 1/150 vart påvist. Begge eigedomane er etablert ved skyldskifte i 1963.

Grensa mellom 1/150 og 1/157 vart klarlagt og oppmålt ved kartforretning i 2001. Det vart då sett ned eit nytt grensemerke i sjøkanten. grensepunkt 157A. Gamal merkestein i 1/150 sitt nordaustre hjørne vart funne og innmålt i 2001, grensepunkt 157B.

Begge desse punkta vart påvist på oppmålingsforretninga, i tillegg til grensepunkt 150A (kross i fjell) , grensepunkt 150B ( grensemerke i fjell) og grensepunkt 150C (kross i fjell).

I 2005 vart det halde kartforretning med grensejustering mellom 1/149 og 1/15. Ved den forretninga vart grensa for 1/149 ut i sjøen mot sør endra, medan grensa mellom 1/149 og 1/150 ikkje vart gjort noko med.

For at 1/150 skal få tilgang til sjø er partane samde om at 1/149 avgir ein liten trekant i nordre hjørne. Knut Markhus opplyste at han godtok dette, men at han framleis ville ha rett til båtfeste i grensepunkt 157A.

Det vart sett ned to nye grensemerker i fjell i grensa mellom 1/149 og 1/150, grensepunkt 150-1 og 150-2. Grensa utover i sjøen mellom dei to eigedomane held fram i forlenginga av denne grenselina så langt ut som den private eigedomsretten går.

Endringa i areal utgjer omlag 5 m2 og fører til at 1/150 eig til sjøen. Dette gjer at 1/150 kan få båtopptrekk frå sjøen og inn i nausteparsellen på eigen grunn. Kommunen vurderar grensejusteringa som hensiktsmessig. Horisontal avstand mellom grensepunkt 157A og 150-2 er 3,60 m. Gamal kross i fjell, grensepunkt 150A går ut etter grensejusteringa.

Før kommunen kan matrikkelføra den nye grensa mellom 1/149 og 1/150 må eigarane godkjenna protokollen med underskrift og returnera eit eksemplar hertil.

Grensemålingane er utført med Topcon Hiper GNSS/CPOS og tilfredsstillende krava til nøyaktighet som er sett i eigedomsstandard.

Når kommunen får tilbake underskrivne protokoll, matrikkelfører vi grensejusteringa og skriv ut nye matrikkelbrev for 1/149 og 1/150.

Areal til 1/149 etter grensejustering vil utgjera 54 m2.

Areal til 1/150 etter grensejustering vil utgjera 84 m2.

Det er ikkje gjort endringar i grensa mot 1/157 ved denne forretninga, men grensa utover i sjøen mellom 1/150 og 1/157 er definert til å gå i forlenginga av grensepunkt 157A -157B så langt utover i sjøen som den private eigedomsretten går.

I samsvar med matrikkellova §46 og reglane i forvaltningslova kap IV - VI kan det klagast på utføringa av forretninga og på matrikkelføringa. Klagefristen er tre veker.

Eigar av 1/149 og eigar av 1/150 godkjenner med dette dei nye grensene som er skildra ovafor.

*Olga Markhus*

Eigar av 1/149

Eigar av 1/150

Sted

Dato

Underskrift

Frekhaug

20.09.2018

*Tasen*



Vedlegg (saksdokument som kjem til under oppmålingsforretninga)				
Relevant	Dokumenttype	Forklaring	Journalpost nr.	Vedlegg nr.
	Partsliste			
	Beregningsdokumentasjon			
	Fullmakt			
	Avtaler			
	Hjemmelsdokument (matrikkelbrev, ekspropriasjonsvedtak, andelsbevis, tinglyst skjøte)			
	Arealregnskap			
	Begjæring/tillatelse til seksjonering/reseksjonering			
	Partspåstander			
	Forlik/voldgift			
	Kartvedlegg til protokoll			